

Høyringsfråsegn Dukabotn kraftverk i Samnanger kommune.

Eg uttalar meg som ein av grunneigarane i området og eit friluftsmenneske som brukar området mykje. Halve fallet som skal utnyttast vart i si tid kjøpt frå det som no er min eigedom.

Etter mi meining er Dukafossen ein svært vakker foss, og den er eit landemerke i heile vassdraget/dalen. Den er også den siste fossen som pr. i dag (og slik lukesituasjonen ved Dukavatnet er) har naturleg vassføring i vassdraget. Fossen er at den er synleg på store avstandar, og bruset frå fossen kan også høyrast langt ned i dalen ved stor vassføring.



Dukafossen sett frå Grønsdal (ca.6,5 km i luftline)

Dukabotn er også eit område med etter mi meining store naturkvalitetar, og er eit populært utfartsområde for kortare turar og for turar vidare innover i fjellet. Dukabotnen er i dag lite berørt av kraftutbygginga utanom bekkeinntaket i nedre del av Dukafossen.

BKK sin miljøvurdering er etter mi meining svært overfladisk og mangelfull. Det er særleg tre punkt eg meiner vurderinga er mangelfull

Brukerinteresser:

Området er svært tilgjengeleg for brukarar både i Samnanger og Bergen. Det er enkelt å komme til området og køyreavstand frå Bergen er kort. Gjennomføring av dette prosjektet vil legge beslag på meir villmark i Kvittingsfjella som også er lett tilgjengeleg for alle aldersgrupper.

Terrestrisk miljø:

Som BKK har med i sin rapport er det hekkande jaktfalk i området, anleggsarbeidet vil kunne gjere uopretteleg skade for denne bestanden. På Lurafjellet søraust for Dukabotn hekkar også hubro. fjellvåk og kongeørn er også vanleg i dalen. Det er observert hekkande kongeørn på kantane nedanfor Trollskarstjørn rett aust for utbyggingsområdet. Fjellrypa har som elles i landet vore i stor tilbakegang i området dei siste åra. I lys av dette meiner eg at konsekvensvurderinga (liten middels negativ for konsulent og liten negativ for søkar) er sett for lavt.

Landskap:

Sjølve kraftstasjon og tunellanlegga vil ikkje ha stor innverknad på landskapet i seg sjølv. Det som er dei største inngrepa er veg/kraftlinjetrase og mindre vassføring i Dukafossen. Dette er uoprettelege inngrep som etter mi meining har store konsekvensar for landskapet. Ein nveg vil også føre med seg meir motorferdsle som også vil ha innverknad på landskapet. Dukabotn framstår i dag som uberørt og fredeleg.

Fyrst og fremst meiner eg at prosjektet ikkje bør gjennomførast då konsekvensane vert større enn den samla samfunnsmessige gevinsten. Ein bør i alle høve utgreie i større grad kva artar som er i området (i hovudsak fugl) og konsekvensane ved utbygging før ein gjer noko vedtak i saka.

Forslag til avbøtande tiltak:

Minstevassføring:

Denne er sett for lavt og bør aukast. Det bør også setjast variasjonar i minstevassføringa etter sesong slik at det vert tilnærma naturleg variasjon i vassføringa.

Veg:

Dette prosjektet kan etter mi meining gjennomførast utan å bygge veg, då vil landskapsinngrepa vere minimale nedanfor bekkeinntaket. Eit alternativkan vere å tilbakeføre terrenget etter anleggsperioden. Ein eventuell veg bør vere stengd med bom slik at berre BKK og grunneigarar har tilgang til området med motorkjøretøy. Denne bommen bør utformast slik at det også vil vere umogleg å ta seg forbi med nokre motoriserte framkomstmiddel.

Kraftline:

Denne bør leggst som jordkabel. Dett for å minimere risiko for fuglar. Dette er også svært viktig tiltak for å verne landskapet.

Helsing

Kai Morten Kleivane